



Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 16/3140-10

Forvaltningsrevisjon - Nasjonal digital læringsarena - Rapport NDLA II

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:

Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjøre slikt vedtak:

1. Fylkestinget sluttar seg til vedtaket frå fylkestinget i Hordaland fylkeskommune vedrørande forvaltningsrevisjonsrapporten NDLA II.
2. Fylkestinget ber styrrepresentanten frå Sogn og Fjordane fylkeskommune sjå til at vedtaket som er fatta av fylkestinget i Hordaland fylkeskommune vert iverksett.

Vedlegg:

- Rapport forvaltningsrevisjon NDLA II – Mai 2017
- Brev frå Deloitte AS datert 15. august 2017 - Tillegg til rapport frå forvaltningsrevisjon av NDLA II
- Notat – Deloittes kommentarer til «Kommentarer til rapport frå forvaltningsrevisjon II av NDLA», datert 22. mai 2017
- Saksframlegg til Hordaland fylkesting – PS 73/17
- Saksprotokoll frå Hordaland fylkesting – PS 73/17

Andre relevante dokument i saka:

- Rapport forvaltningsrevisjon NDLA – 2015

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

NDLA er eit interfylkeskommunalt innkjøpssamarbeid, ein produsent, ein distributør og ein delingsarena som tilbyr fritt tilgjengelege digitale læringsressursar for vidaregående opplæring. Visjonen til organisasjonen er «å lage gode, opne digitale lærermiddel for alle fag i vidaregåande opplæring og støtte opp om elevar og lærarar i aktivt og deltakande læringsarbeid». Innkjøpssamarbeidet NDLA er organisert etter § 27 i kommunelova.

Forvaltningsrevisjonsrapporten NDLA II er gjennomført av Deloitte AS på oppdrag frå kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune. 11 fylkeskommunar har vore delaktige md økonomisk bidrag til denne rapporten. Sogn og Fjordane fylkeskommune har bidrige med kr. 25 000 til dette arbeidet. Denne forvaltningsrevisjonen er oppfølging av ein tidlegare forvaltningsrevisjon av NDLA, som vart gjennomført i 2015.

2. Vurderingar og konsekvensar

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune handsama rapport i møte 12. september 2017 i sak PS 97/2017, der det vart gjort slikt vedtak med tilråding til fylkestinget:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon av Nasjonal digital læringsarena (NDLA) – Del II ber fylkestinget fylkesrådmannen og NDLA om syta for å:

1. *Sikre at alle medarbeidarar i NDLA er tilstrekkeleg informert om relevante rutinar og internkontrolltiltak knytt til anskaffingar og innkjøp.*
2. *Etablere rutinar for fakturahandsaming som sikrar at det blir utført kontroll av at fakturaar frå leverandørar inneholder all naudsynt informasjon.*
3. *Fullføre arbeidet med å etablere rutinar for kommunikasjon og rapportering mellom dagleg leiing og styret*
4. *Tydeleggjere overfor medarbeidarane i NDLA kven som har kva roller i samarbeidet når det gjeld innkjøp, samt korleis NDLA er organisert med omsyn til bestilling og avgjersler rundt utviklingsarbeid.*
5. *Gå gjennom og avklarar med dei ulike involverte partane korleis handsaming av personopplysningar om NDLA sine brukarar skal organiserast og dokumenterast, og inngår databehandlaravtalar som manglar for å sikre at handsaming av personopplysningar blir regulert i samsvar med gjeldande regelverk.*
6. *Sikre at alle medarbeidarar i NDLA er tilstrekkeleg informert om system og rutinar for:*
 1. *Avviksmelding og -handtering.*
 2. *Varsling om kritikkverdige forhold.*
7. *Sikre at medarbeidarar som varslar om kritikkverdige forhold i samsvar med arbeidsmiljølova, blir følgt opp og teke hand om i samsvar med gjeldande føresegn om vern mot gjengjelding ved varsling.*
8. *Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.11.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

Tilrådinga frå kontrollutvalet vart samrøystes vedteken av fylkestinget i Hordaland fylkeskommune i sak PS 73/2017.

Prosessens for gjennomføring av denne forvaltningsrevisjonen er nærmare skildra i vedlagde saksframlegg til fylkestinget i Hordaland.

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune handsama sak om å bidra økonomisk til denne forvaltningsrevisjonen 12. april 2016 i KU-sak 22/16. Utvalet fekk presentasjon av status i prosjektet og om rapporten i møte 30. mai i år. Deloitte AS vil også presentere rapporten i KU-møte 21. november i samband med kontrollutvalet si handsaming av saka.

Revisor peikar i kapittel 9 i rapporten på at NDLA har gjennomført betydeleg arbeid knytt til utvikling av system og rutinar for økonomisk internkontroll sidan den første rapporten, og dette har ifølgje revisor ført til redusert risiko for misleghald og korrupsjon.

Samtidig avdekker undersøkingane som er gjennomført svakheiter og manglar knytt til rutinar for kontroll av opplysningar og innhald i fakturaer som vert betalt. Revisor peikar på viktigheta av at dette vert følt opp for å sikre at NDLA opererer i samsvar med regelverket og for å bidra til ytterlegare å redusere potensialet for misleghald og korrupsjon i tilknyting til innkjøp i NDLA.

Revisor har i denne forvaltningsrevisjonen sett på system og rutinar for varsling i NDLA. Revisjonen meiner at det ved eit tilfelle er grunn til å stille spørsmål ved om det har foregått gjengjelding overfor ein varsler, i strid med føresegn i arbeidsmiljølova § 2-5.

På bakgrunn av dei funn som er gjort i undersøkinga har revisor utarbeidd 7 tilrådingar for vidare oppfølging av NDLA. Tilrådingane frå revisor er gjengitt i vedtaket frå fylkestinget i Hordaland fylkeskommune.

3. Konklusjon

Kontrollsjefen rår til at fylkeskommunen sluttar seg til vedtaket frå fylkestinget i Hordaland fylkeskommune i sak PS 73/2017. NDLA er ikkje eit eige rettssubjekt. Det er Hordaland fylkeskommune som er juridisk ansvarleg eining for samarbeidet. Oppfølginga av rapporten er ivaretaken gjennom vedtaket i fylkestinget i Hordaland. Det er eigarane sitt ansvar, gjennom styret, å gjere dei grep som er nødvendige for å rette opp tilhøva i NDLA. Fylkestinget bør derfor be eigen styrerrepresentant om å sjå til at vedtaket som er fatta av fylkestinget i Hordaland fylkeskommune vert iverksett.